



Kvinnherad kommune

Rådmannen

Tiltak og tenester for barn og unge

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

Kunnskapsdepartementet

Saksbehandlar
Sturla Helland

Tlf. direkte innval
53461692

Vår ref.
2009/3557

Dykkar ref.

Dato
11.11.2009

Høyringsuttale til NOU 2009:18, Rett til læring.

Administrasjonen i Kvinnherad kommune (inkludert PPT) har drøfta NOU 2009:18 "Rett til læring", og vil kommentere nokre punkt vi meiner er sentrale i utgreiinga.

Vi vil berømme utvalet for å ha gjort eit grundig arbeid i omtalen av status på området pr. i dag.

Tidleg innsats og forebygging

I Kvinnherad kommune meiner vi at tidleg innsats i høve til særlege utfordringar er viktig for å gje barn og unge god hjelp. Vi stør derfor utvalet sitt synspunkt om at dette er eit særskild viktig område å satse på.

Utvalet foreslår å opprette ein ressursbank som tek utgangspunkt i gode verkøy for kartlegging og oppfølging av barn og unge. Det er uklart om det er ein nasjonal eller lokal ressursbank ein har tenkt på i dette forslaget. PPT i Kvinnherad har per i dag eit velutstyrt leikotek og eit bibliotek som inneheld faglitteratur og ulikt læremateriell til utlån i skule og barnehage. Vår erfaring er at enkelte barnehagar og skular er flinke å nytte seg av dette tilbodet. Vi ser difor klart verdien av å ha ein lett tilgjengeleg ressursbank, og meiner det er viktig at den er tilgjengeleg for skular og barnehagar hos dei lokale PP-tenestene.

Kvinnherad kommune arbeider for å samordne den kommunale satsinga i høve til barn og unge vi strevar med å gje god vaksenleing. Vi er i startfasen for fleire større satsingar på dette området, og ser at også Midtlyngutvalet peikar på at dette er eit viktig område. Utvalet skriv at "en rekke barn lever i utsatte livssituasjonar som kan påvirke deres liv på en slik måte at det merkes på skolen" (s. 136), og på side 135: "Lærere rapporterer ofte usikkerhet om hvordan de skal forholde seg til barn og unge med psykiske vansker".

Med bakgrunn i dette hadde vi venta at utvalet i større grad kom med forslag om korleis PP-tenesta skal kunne yte gode tenester til skulane når det gjeld denne høgfrekvente gruppa. Ei tydeligare kopling mellom opplæringa og den store satsinga det dei siste åra har vore på psykisk helse ville vi funne naturleg. Vi finn ikkje tiltak retta konkret mot dette området, og skulle ønskje at utvalet la fram tiltak knytt til psykisk helse på same måte som dei gjer på språkområdet.

I Kvinnherad er alle hjelpetenester til barn og unge samla i ei verksemd. Dette er ei løysing vi ser er til fordel for brukarane, samstundes som den er kostnadseffektiv. Vi meiner at ein også på statleg nivå bør vurdere å samordne ulike tenester og forvaltningseiningar knytt til barn og unge. Utvalet er inne på denne tanken på side 192 der dei peikar på at ein gjennomgang av lovverket for individuell plan kan ”danne utgangspunkt for en videre vurdering av om barnelovgivning i sin helhet kan harmoniseres”. Dette meiner vi det bør arbeidast vidare med.

Endring av omgrepet spesialundervisning.

I St meld nr 23 (1997-98) er omgrepet spesialundervisning definert på side 10: ”Nemninga spesialundervisning er i lovverket nytta om det spesielt tilrettelagde opplæringstilbodet som blir gitt etter eit slikt vedtak.” Utvalet si omgrepsendring er ut frå dette neppe ei realitetsendring. Ein bør vurdere om verdien av at omgrepet spesialundervisning er innarbeidd hos mange foreldre har så stor verdi at ein ikkje bør endre det. Vi meiner likevel at Utvalet sin nye omgrepsbruk vil gjere det lettare for skular og barnehagar å tenke i eit utvida opplæringsbegrep når det er snakk om vedtak etter kapittel 5 i Opplæringslova, og stør derfor Utvalet sitt forslag.

Vi hadde håpa at utvalet også ville drøfta omgrepet ”tilfredstillende utbytte”. Dette er innslagpunktet for skjønnsvurderinga av behov for spesialundervisning, og er derfor det mest avgjerande omgrepet når det gjeld kva omfang spesialundervisning skal ha i norsk skule. Vi meiner behov for spesialundervisning er avhengig både av sider ved eleven sjølv, av eleven sin bakgrunn og av opplæringssituasjonen slik den vert tilrettelagt. Likevel meiner vi at omgrepet ”tilfredstillende utbytte” gjer skjønsspørsmålet svært vanskeleg. Utvalet viser i sin dokumentasjon at omfanget av spesialundervisning varierer meir enn forventa, og innslagpunktet bør derfor bli tydelegare.

I Kvinnherad kommune har vi i fleire år hatt som rettesnor at spesialundervisning er ei tilpassing av opplæringssituasjonen som vert nytta dersom barnet/ ungdommen har så lite utbytte av den ordinære, tilpassa opplæringa på det aktuelle trinnet at det må setjast heilt andre mål for opplæringa.

Vi ønskjer derfor at skjønnsvurderinga blir endra frå ”tilfredstillende utbytte” til at innslagpunktet vert fastsett ut frå behovet for vesentlege avvik i opplæringsmåla. Utvalet berører dette på side 165, og vi er samd med utvalet i vurderingane i punkt 14.2.2.

Dei elevane som har ordinære opplæringsmål for si opplæring men treng utvida differensiering av undervisninga har rett til tilpassa opplæring. Denne retten bør ikkje blandast med spesialundervisning, evt. ”rett til ekstra tilrettelegging i opplæringa”, men ligge innanfor den tilrettelegginga skulen i samarbeid med foreldre og evt PP-tenesta kan gjere innanfor sine rammer.

Tilpassa og fleksible opplæringsløp.

Vi deler utvalet sine synspunkt når dei ønskjer å gjere opplæringa meir praktisk og relevant for den enkelte elev på ungdomstrinnet. Elevar er ulike, lærer på ulike måtar, og treng derfor ulik organisering av opplæringa. Vi meiner derfor det bør vere stort rom for alternative tiltak og alternative opplæringsløp for dei som har trong for det.

Det er samstundes viktig at ei differensiert undervisning ikkje går på bekostning av klasseleing og struktur i opplæringa.

Tilbod etter skuletid

Utvalet peikar på at det er nødvendig å klargjere kven som har ansvaret for tilbod etter skuletid for dei som har trong for det etter 7. klasse (s. 195). I Kvinnherad har kommunen etablert ei tilsynsordning for denne elevgruppa gjennom heile grunnskulen, og i samarbeid med vidaregåande skule også i dei åra ungdomane er elevar der. Vi har vanskeleg for å sjå argument som taler for at SFO skal ta slutt etter 7. klasse for denne gruppa, og meiner ei vidareføring av ordninga for dei siste klassetrinna bør etablerast.

Kompetansen i PP-tenesta.

NOU 2009:18 viser tydeleg at det skjer ei endring av PP-tenesta frå å ha vore ei tverrfagleg teneste i retning av å bli ei pedagogisk rettleiingsteneste. Vi meiner dette er ei uheldig utvikling. Den tverrfaglege profilen har vore tenesta sin styrke, og grunnlaget for at tenesta kan tilføre barnehagar og skulane kompetanse dei sjølve ikkje har.

PP-tenesta bør kunne gi hjelp og rettleiing til familiar, barnehagar og skular når det gjeld faglege problemstillingar, sosiale vanskar og spørsmål om psykisk helse. Det bør og vere mogeleg for tenesta å gjere utgreiingar innanfor alle desse områda, og å rettleie barnehagar og skular et frå epikrisar frå ulike spesialisttenester. Utan ein tverrfagleg stab vil det vere vanskelegare for tenesta å hjelpe barn og unge.

Vårt ønske er at utvalet tydlegare hadde konkludert med at det må stillast krav til tverrfagleg kompetanse i PP-tenesta.

Kompetanseutvikling.

Vi stør utvalet sitt ønskje om å styrke grunnutdanninga for lærarar knytt til ekstra tilrettelegging i opplæringa og spesialpedagogiske emner. Vårt inntrykk er at nyutdanna lærarar strevar med overgangen til lærarrolla, dei manglar kompetanse om klasseleiing og metodikk til opplæring av utfordrande elevar. Vi stør utvalet sitt forslaget om å auke kompetansen på dei vanlegaste problemstillingane som opptrer i skule/barnehage. Ei styrking av kompetanse på lese- og skrivevanskar, matematikkvanskar, språk- og talevanskar og psykososiale vanskar / åtfersproblem vil vere udelt positivt.

Utvalet foreslår at det vert etablert eit femårig kompetanseutviklingsprogram for PP-tenesta og tenesta sine samarbeidspartnarar.

Det er viktig at eventuell ny kompetanseheving i PP-tjenesta tek utgangspunkt i at tjenesta er tverrfaglig, og at fagpersonane har ulik utdanningsbakgrunn og erfaring.

PP-tjenesta erfarte under Samtak at eit utviklingsprogram for PP-tjenesta som ikkje tek utgangspunkt i medarbeidarane sin kompetanse, lett kan bli eit meninglaust tiltak som i liten grad kjem barn og unge til gode. Det er viktig at eit nytt kompetansehevingsprogram ikkje vert eit Samtak II. Vi opplever at dette også er utvalet sin intensjon.

Vi vil foreslå at kompetansehevingsmidlane vert nytta til å initiere lokale forsknings- og utviklingstiltak i PP-tjenesten. Midlene bør forvaltaast av eit nasjonalt organ, og det kan vere rimeleg at dette vert PP-tjenestens utviklingssenter.

PPT og Statped tettare på.

Skulane i Kvinnherad rapporterer at dei ønskjer å ha oftare kontakt med PP-tenesta på skulen. Vi er derfor samde i utvalet si vurdering av at ei PP-teneste som har kapasitet til oftare å vere "tettare

på” barnehage og skule er eit ønskje. I Kvinnherad driv PP-tenesta omfattande rettleiing både gjennom LP, Pals og klasseleiing etter Marte Meo metodikk, i tillegg til vanleg oppfølging av elevar med særlege behov. Dette er godt og nyttig arbeid, og vi ser at det er ein fordel om PP-tenesta har enda meir ressursar til denne typen oppfølging av barnehagar, skular og elevar.

PP-tenesta i kommunen er usikre på utvalet sitt forslag å redusere omfanget av sakkunnige vurderingar vil frigjere så mykje tid at skulane merkar at dei får tenesta ”tettare på”. Kanskje burde utvalet her våga å gå ut over eige mandat og foreslått ei reell styrking av PP-tenesta for å oppnå det ønska resultatet.

Statped.

Kvinnherad kommune nyttar i liten grad tenester frå Statped-systemet. Enkelte gonger får vi gode tenester frå dette systemet knytt til enkeltelevar, men når vi har prøvd å nytte rettleiingskompetansen på systemnivå knytt til atferdsvanskar har vi vorte skuffa over kvalitet og innhald.

Utvalet drøftar problemet med parallelle/ doble tenester, og vi sluttar oss til vurderingane om at dette er lite tenleg. Vi vil derfor foreslå at ein i det vidare arbeidet med innhaldet i NOU 16 (2009) arbeider for å samordne alle hjelpeinstansar/ spesialisttenester (Statped, Bup, Habiliteringstjenester og ulike spesialistavdelingar) på statleg nivå slik at familiar med behov for hjelp berre treng ha kontakt med ein instans. Vi meiner det kan ivareta spesialistkompetansen, og foreslår derfor å avslutte ordninga med eit eige statpedsystem ved sida av spesialisttenestene i helsevesenet.

Å opprette enda eit atferdsenter i Noreg verkar unødvendig. Vi har Atferdssenteret i Oslo og senter for atferdsforskning i Stavanger, og meiner derfor det ikkje vil tilføre noko nytt å etablere Lillegården som enda eit senter innanfor same oppgaveområde.

Med helsing

Asbjørn Skår
Kommunalsjef

Sturla Helland
verksemdsleiar